



# Årsmelding

*for eldrerådet i Øystre Slidre kommune*

2017

## **ELDRERÅDET I 2017 HAR HATT SLIK SAMANSETNING:**

### **Medlem:**

Torleiv Sigurd Hovi , leiar  
Solveig Rydland , nestleiar  
Gunnar Berg  
Edgar Linn, FRP  
Marit Synnøve Opheim Østli , AP

### **Varamedlem:**

Erik Gjerdalen  
Marit Robøle  
Bodil Dahle  
Morten Steinsrud, SP  
Hanne Svendsen, H

Eldrerådet er eit rådgjevande organ, som skal ha til handsaming saker som gjeld levekåra til eldre i kommunen. Rådet kan sjølv ta opp saker for eldre i kommunen.

Eldrerådet har i 2017 hatt 7 møter og handsama 33 saker

Eldrerådet har vedteke ei aktivitetsplan for året der dei viktigaste sakene har vore prosjektering og bygging av Øystre Slidre Helsetun. Eldrerådet har vore orientert om framdrifta i saka i fleire møter, og er godt nøgd med arbeidet som er gjort av administrasjon v/Rådmann og prosjektgruppa.

Eldredagen var den 2.oktober , og med god mat, tale av ordføraren, kåseri av rådmann og god underholdning, vart kvelden vellukka. 53 personer deltok.

Eldrerådet har vore orientert om:

\* stoda ved sjukeheimen- ved leiar av IHT.

- \* den kulturelle spaserstokken- ved kultursjefen.
- \* orientering om Frivilligsentralen –ved leiar.
- \* møte i pensjonistlaget om velferdsteknologi.

Eldrerådet har gjeve uttale til:

- \* plan til utbygging av Vindin kraftverk.
- \* få betre informasjon og betring av kollektivtilbod i kommunen.
- \* høyring av framtidig sjukehusstruktur Sjukehuset Innlandet – styrking av VLMS.
- \* uttale om reguleringsplan Heggenes Sør
- \* få ei betre heimeside for Ø.S kommune
- \* høyring av kommunal forskrift om rett til opphald i sjukeheim, eller tilsvarande bustad. Særskilt tilrettelagt for heildøgnsteneste.

#### Andre møter:

Leiar har møtt på 2 møter i samhandlingsrådet for Øystre Slidre Frivilligsentral.

Leiar har vore på møter i prosjektgruppa for Øystre Slidre helsetun. Leiar og nestleiar er medlemmer i referansegruppa for nytt helsetun. Leiar i eldrerådet er leiar i gruppa.

Eldrerådet har vore vertskap for regionmøte for eldreråda i Valdres. Med godt program og god deltaking frå kommunane var møte vellukka.

Eldrerådet har og delteke på felles regionmøte i Nord Aurdal.

Eldrerådet har møtt i formannskapet og lagt fram sitt syn på budsjettet for 2018.

Eldrerådet vil takke for godt samarbeid og god informasjon frå administrasjon som vedkjem oss. Me vil også takke politikarane for godt samarbeid og god oppfølging av våre saker.

Årsmelding vedteken i eldrerådet den 10.04.18.....(Leiar)